

Lindås kommune  
Kvernhusmyrene 20  
5914 ISDALSTØDato: 13.11.2014  
Vår ref.: 2014/23329-2  
Saksbehandlar: hanglop1  
Dykkar ref.:

## Lindås kommune – Tilsegn om tilskot på inntil kr 240 000 til forprosjekt for plassering av helsehus og utforming av uteareal i Knarvik sentrum - Tilsegn-034-2014

Vi viser til søknaden dykkar med prosjektplan, datert 17.02.2014, om tilskot til ovannemnde prosjekt. Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 240 000 til prosjektet frå budsjettet for Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland.

Løyvinga kjem inn under hovudstrategi 3 i «*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014*», der eitt av måla er å utvikle attraktive regionale senter. Føresetnaden for fylkeskommunen si løyving er at prosjektet vert finansiert i tråd med godkjend kostnads- og finansieringsplan. Forprosjektet må også koordinerast med dei føringane som vert lagt i «*Regional plan for attraktive senter i Hordaland*», «*Regional areal- og transportplan for Bergensområdet*» og «*Regional plan for folkehelse*». Fylkeskommunen sin finansieringsdel kan dekkja inntil 50 % av godkjende kostnader.

For at tilsegna skal vere gyldig må de signere og returnere vedlagte standardvilkår innan to veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for å gjennomføra prosjektet som planlagt. Tilsegna gjeld til 31.12.2015. Eventuell søknad om forlenging av tilsegna må sendast sakshandsamar før denne dato.

### 1. Prosjektgrunnlag

Følgjande opplysningar er henta frå søkjar si beskriving av søknaden;

#### Bakgrunn

*Lindås kommune har over tid arbeidd med å leggje rammer for ei bymessig utvikling av kommune- og regionsenteret Knarvik. Kommunestyra i alle dei ni Nordhordlandskommunane har gjort vedtak som støttar opp om ei realisering av eit region- og helsehus i Nordhordland, og at det skal plasserast sentralt i Knarvik. Gjennom etablering av eit regionalt helsehus vil ein realisere ei løysing for samlokalisering og samordning av kommunale, interkommunale og spesialiserte helsetenester. I tillegg er det planlagt areal for offentleg tannhelseteneste og andre interkommunale tenester som kommunane i regionen samarbeider om, t.d. IKT Nordhordland, NUI og HNR. Det er lagt til grunn forpliktande samarbeidsavtalar, langsiktige leigeavtalar med alle interessentar.*

#### Prosjekt mål

*Få utgreidd korleis det konkrete studieområdet kan planleggjast med formål å sikre ein god grønstruktur og fotgjengarakse med fellesareal og gaterom, og samstundes få ei god plassering av framtidig interkommunalt helsehus, eller anna offentleg bygg. Desse elementa vil saman bidra til å styrka sentrum.*

#### Aktivitetar

*Konsulentfirma får oppdrag med arbeidet. Beskrivelse vil liggje i deira tilbod. Det vert lagt opp til møte med oppdragsgjevar og Nordhordland Utviklingselskap IKS. Konsulentfirma skal på bakgrunn av informasjon frå møte og tidlegare arbeid i Knarvik gjennomføra utgreiingsarbeidet.*

**Tidsplan**

Dette er eit arbeid som hastar å få ferdigstilt p.g.a. fasen arbeidet med områdeplan er i. Hovuddelen av arbeidet vert gjennomført i 2014 over ein periode på 2-3 veker slik at nødvendige føringar for fellesareal, gaterom, grønstruktur og bygg kan leggjast inn i plankart og føresegner.

**Organisering**

Prosjekteigar: Lindås kommune Organisasjonsnr.: 935084733  
 Prosjektleder: Frøydis Ones Epost: froydis.ones@lindas.kommune.no

**Prosjektorganisering:**

Det vert nedsett ei arbeidsgruppe som består av representantar frå Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Lindås kommune og Hordaland fylkeskommune. Prosjektleiinga vert lagt til Lindås kommune ved fagområde arealplan. Materialet vert lagt fram for arbeidsgruppa for planarbeidet (samansett av administrasjonen i Lindås kommune, representantar frå Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland). Styringsgruppa for planarbeidet som er personidentisk med medlemma i plan- og miljøutvalet får og arbeidet lagt fram i møte.

**Samarbeidspartnarar:**

Nordhordland Utviklingsselskap IKS vil delfinansiera arbeidet og skal også inngå med personell ressursar i arbeidet.

**Forankring i HNH**

Løyvinga er forankra i hovudstrategi 3 – Ein velfungerande Bergensregion og attraktive regionale senter

**2. Godkjende kostnader og godkjend finansieringsplan**

Løyvd beløp: 240 000

Søknadsbeløp: 240 000

**Godkjend kostnadsplan**

Tittel	2014	SUM
Konsulenthonorar og produksjon av materiale	400 000	400 000
Kopiering, reiser, møte m.m.	10 000	10 000
Lindås kommune, eigeninnsats	35 000	35 000
Nordhordland Utviklingsselskap IKS	35 000	35 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>480 000</b>	<b>480 000</b>

**Godkjend finansieringsplan**

Tittel	2014	SUM
Lindås kommune	120 000	120 000
Nordhordland Utviklingsselskap IKS	120 000	120 000
HNH	240 000	240 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>480 000</b>	<b>480 000</b>

**3. Vilkår for tilskotet***Generelle vilkår:*

- Større endringar i prosjektplanen, og endringar i budsjett eller finansieringsplan, skal etter søknad frå tilsegnsmottakar godkjennast av fylkeskommunen. Søknaden må vere signert av prosjekteigar.
- Føresetnaden løyvinga er at prosjektet vert finansiert slik godkjend finansieringsplan ovanfor viser. Fylkeskommunen sin finansieringsdel kan dekkja **inntil 50,0 %** av godkjende kostnader.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt søknad. Om dette kravet ikkje er oppfylt, kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta.

- Informasjon om prosjektet vil verte publisert på [www.hordaland.no/Vi-fekk-tilskot](http://www.hordaland.no/Vi-fekk-tilskot)
- Hordaland fylkeskommune deltek i arbeidsgruppa for prosjektet.

#### *Profilering*

I alle presentasjonar av, og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune. Retningslinjer for profilering av Hordaland fylkeskommune; [www.hordaland.no/profil](http://www.hordaland.no/profil)

#### *Delutbetaling*

Tilsegnsmottakar kan oppmode om delutbetaling gjennom [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). Oppmodinga må innehalde statusrapportering og kostnadsrapport over akkumulerte kostnader (last opp relevante vedlegg). Delutbetaling vil verte gjort i høve til godkjend kostnadsprosent på **50,0 % av akkumulerte kostnader**, maksimalt inntil 75 % av løyvd beløp på kr 240 000. Resterande beløp vert utbetalt ved prosjektavslutning.

#### *Prosjektavslutning og sluttutbetaling*

- Straks prosjektet er avslutta skal tilsegnsmottakaren sende oppmoding om sluttutbetaling gjennom [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no) under «Ny utbetaling».
- I samband med oppmoding om sluttutbetaling skal det fyllast ut ein sluttrapport og kostnadsrapport. Dette må skje seinast innan 31.12.2015.
- Statsautorisert- eller registrert revisor skal attestere sluttrekneskapen for tilsegn over kr 100 000.
- I tillegg skal signert *Sluttrekneskap for prosjektet* lastas opp som vedlegg til oppmoding om sluttutbetaling gjennom [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). Dette gjev grunnlag for utbetaling av tilsegna.
- Tilsegnsmottakaren har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

#### *Kontroll*

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Vi gjer vidare merksam på at i medhald av §10 i løyvingsreglementet og §12 i lov om Riksrevisjonen, kan Kommunal- og regionaldepartementet og Riksrevisjonen setje i verk kontroll med at midlane vert nytta som føresett.

#### *Klage / innsyn i dokumenta*

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til **Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen**. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

#### **Kontaktperson**

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er;  
Hans Inge Gloppen Epost: [hans.inge.gloppen@hfk.no](mailto:hans.inge.gloppen@hfk.no) Telefon:**55 23 92 88**

Vi ynskjer dykk lukke til med gjennomføringa av prosjektet.

Med helsing

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Mette Nora Sætre  
næringssjef

Vedlegg: Standardvilkår og Sluttrekneskapsskjema

Vi ber om at de signerer og returnerer følgende standardvilkår innan 2 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

## Standardvilkår for Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

**Prosjektnamn:** Forprosjekt for plassering av helsehus og utforming av uteareal i Knarvik sentrum  
**Tilsegnsnr.:** Tilsegn-034-2014                      **Løyvd beløp:** 240 000  
**Vår ref. (arkiv):** 2014/23329

---

### Følgjande kontrollerast av tilsegnsmottakar:

**Tilsegnsmottakar:** Lindås kommune

**Postadresse:** Kvernhusmyrane 20,  
5914 ISDALSTØ

**Org.nr.:** 935084733

**Kontaktperson:** Frøydis Ones

**Telefon:** 56375633                      **Mobil:** -

**E-post:** froydis.ones@lindas.kommune.no

### Sakshandsamar

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er;

Hans Inge Gloppen

E-post: hans.inge.gloppen@hfk.no

Telefon: 55 23 92 88

**Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.**

Signert standardvilkår av prosjekteigar:

Stad: ..... Dato: .....

**Signatur prosjekteigar:** .....

**Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen**

